



Her er Stig Nordbø Børsheim den unge Linne, som har seksualundervisning. Han har på seg samedrakt for å visa respekt og beundring for "samar og andre naturfolk".

I vår og i sommar har uskedelingen Stig Nordbø Børsheim (47) spela hovudrolla i teaterstykkjet/utespelet "Systema Natueae" i samband med 300-årsjubileet til den verdskjende, svenske botanikaren Carl von Linne.

Det var 23 dansarar og skskodespelarar som deltok og regissør var Nils-Petter Bergersen. Framsyningane vart framført i den botaniske hagen i Oslo og 800 såg fire framsyningar

- Også frå pressa var det stor interesse og dette var en stor og spanande utfordring, seier Stig til uskedalen.no Ensemblet fekk mange positive tilbakemeldingar på oppsettinga

Stig skal vera med i teaterstykkjet "Den skallede sangerinnen" av Eugene Ionesco som har premiere i Oslo under festivalen Teatertreff 2007 i november. I fjor var han ein av skodespelarane i stykket "Frieriet" av Tsjekov og då spela han på hardangermål og hadde hardangervest på seg..

Men til dagleg er han fysioterapeut og akupunktør i hovudstaden og kan ikkje tenkja seg å skifte yrke. Han har vore utøvar av musikk (gitar og song) og teater i rundt 20 år og har også gjeve ut ein CD...

Av Ola Matti Mathisen